| Avskrivingskostnad                                            | 1 365 498        | 504 125          | 0              | 0                | 1 869 624         |
| Kalkulatorisk rente (1,94 %)                                  | 574 580          | 156 255          | 1 261          | 0                | 732 096           |
| Indirekte netto driftsutgifter                                | 998 511          | 268 666          | 123 345        | 153 035          | 1 543 557         |
| Sjablongmessig indir. kap.kostnad                             | 49 926           | 13 433           | 6 167          | 7 652            | 77 178            |
| <b>Driftskostnader</b>                                        | <b>6 263 139</b> | <b>2 449 062</b> | <b>690 273</b> | <b>1 043 989</b> | <b>10 446 462</b> |
| Gevinst/tap ved utrangering av driftsm.                       |                  | -608 439         | 10 000         | 0                | -598 439          |
| <b>Førebels resultat</b>                                      |                  | <b>-491 775</b>  | <b>-61 212</b> | <b>-176 374</b>  | <b>-314 220</b>   |
| + Subsidiering                                                | 0                | 0                | 61 212         | 0                | 61 212            |
| <b>Resultat</b>                                               | <b>415 141</b>   | <b>-491 775</b>  | <b>0</b>       | <b>-176 374</b>  | <b>-253 007</b>   |
| Kostnadsdekning i %                                           | 106,6 %          | 104,8 %          | 89,7 %         | 83,1 %           | 102,7 %           |
|                                                               |                  |                  |                |                  |                   |
| <b>Sjølvkostfond 01.01.</b>                                   | <b>2 882 083</b> | <b>2 529 180</b> | <b>0</b>       | <b>296 898</b>   | <b>5 708 161</b>  |
| + Avsetjing til sjølvkostfond                                 | 415 141          | 0                | 0              | 0                | 415 142           |
| - Bruk av sjølvkostfond                                       | -109 187         | -491 775         | 0              | -176 374         | -668 149          |
| + Kalkulert renteinntekt sjølvkostf. (1,94 %)                 | 59 939           | 44 296           | 0              | 4 049            | 108 284           |
| <b>Sjølvkostfond 31.12 (inkl. rente på fond)</b>              | <b>3 357 164</b> | <b>2 081 701</b> | <b>0</b>       | <b>124 573</b>   | <b>5 563 438</b>  |
|                                                               |                  |                  |                |                  |                   |
| Gebyrinntekter                                                | 6 660 237        | 2 565 726        | 619 061        | 867 615          | 10 712 639        |
| Gebyrgrunnlag                                                 | 6 245 096        | 3 057 501        | 700 273        | 1 043 989        | 9 829 980         |
| Finansiell dekningsgrad i %<br>(gebyrinntekter/gebyrgrunnlag) | 106,6 %          | 84,0%            | 88,4 %         | 83,1 %           | 109,0 %           |
| <b>Rekneskapsføring balanse</b>                               |                  |                  |                |                  |                   |
| +/- Sjølvkostfond                                             | + 475 081        | - 447 479        | 0              | -172 325         | -144 723          |
| <b>Rekneskapsføring driftsrekneskap</b>                       |                  |                  |                |                  |                   |
| Avsetjing til bundne fond                                     | 475 081          |                  | 0              | 0                | 475 081           |
| Bruk av bundne fond                                           |                  | -447 479         | 0              | -172 325         | -619 804          |

Sjølvkostfond kan berre nyttast til å dekkja driftsutgifter i framtida innanfor same område. Negative fond i sjølvkostrekneskapen kan ikkje førast opp i balansen.

Grunna ulike fordeling av anleggsmidlar i høve til 20/40 års avskrivning og tidspunktet for første avskrivning, er det avvik mellom avskrivningane i kommunen sin ordinære driftsrekneskap og sjølvkostrekneskapen for VA-områda. Dette fører til ulike resultat. Skilnaden mellom resultatet i VA-rekneskapen og i kommunerekneskapen svarar til skilnaden i avskrivningar.

Rentesats på kapitalkostnader er lik 5 års SWAP-rente i 2015, pluss 0,5 %, som gir 1,94%.

Kommunestyret har ikkje gjort vedtak om full kostnadsdekking for feietenesta, og underskot må difor dekkast over drift.

**NOTE nr. 20 Sjølvkosttenester 2015, plan, byggesak, oppmåling**

|                                                               | Private planar   | Byggesak         | Oppmåling        | Totalt           |
|---------------------------------------------------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|
| Gebyrinntekter                                                | 1 012 562        | 1 488 590        | 1 165 507        | 3 666 659        |
| Andre driftsinntekter                                         | -256 596         | 457 262          | -2 200           | 198 466          |
| <b>Driftsinntekter</b>                                        | <b>755 966</b>   | <b>1 945 852</b> | <b>1 163 307</b> | <b>3 865 125</b> |
| Direkte driftsutgifter                                        | 1 092 197        | 1 308 592        | 670 796          | 3 071 585        |
| Indirekte netto driftsutgifter                                | 95 674           | 302 432          | 64 995           | 463 101          |
| Sjablongmessig indir. kap.kostnad                             | 4 784            | 15 122           | 3 250            | 23 155           |
| <b>Driftskostnader</b>                                        | <b>1 192 655</b> | <b>1 626 146</b> | <b>739 041</b>   | <b>3 557 842</b> |
| <b>Førebels resultat</b>                                      | <b>-436 688</b>  | <b>319 706</b>   | <b>424 266</b>   | <b>307 284</b>   |
| + Subsidiert                                                  | 436 688          | 0                | 0                | 436 688          |
| <b>Resultat</b>                                               | <b>-0</b>        | <b>319 706</b>   | <b>424 266</b>   | <b>743 972</b>   |
| Kostnadsdekning i %                                           | 63,4 %           | 119,7 %          | 157,4 %          | 108,6 %          |
|                                                               |                  |                  |                  |                  |
| <b>Sjølvkostfond 01.01.</b>                                   | <b>0</b>         | <b>0</b>         | <b>0</b>         | <b>0</b>         |
| + Avsetjing til sjølvkostfond                                 | 0                | 319 706          | 424 266          | 743 972          |
| + Kalkulert renteinntekt sjølvkostf. (1,94 %)                 | 0                | 3 101            | 4 115            | 7 216            |
| <b>Sjølvkostfond 31.12 (inkl. rente på fond)</b>              | <b>0</b>         | <b>322 807</b>   | <b>428 381</b>   | <b>751 188</b>   |
|                                                               |                  |                  |                  |                  |
| Gebyrinntekter                                                | 1 012 562        | 1 488 590        | 1 165 507        | 3 666 659        |
| Gebyrgrunnlag                                                 | 1 449 250        | 1 168 884        | 741 241          | 3 359 375        |
| Finansiell dekningsgrad i %<br>(gebyrinntekter/gebyrgrunnlag) | 69,9 %           | 127,4 %          | 157,2 %          | 109,1 %          |
| <b>Rekneskapsføring balanse</b>                               |                  |                  |                  |                  |
| +/- Sjølvkostfond                                             | 0                | 322 807          | 428 381          | 751 188          |
| <b>Rekneskapsføring driftsrekneskap</b>                       |                  |                  |                  |                  |
| Avsetjing til bundne fond                                     | 0                | 322 807          | 428 381          | 751 188          |
| Bruk av bundne fond                                           | 0                | 0                | 0                | 0                |

Kommunestyret har ikkje gjort vedtak om full kostnadsdekning innafor områda private planar, byggesak og oppmåling. Overskot må likevel setjast til fond. Underskot kan dekkast av fond, men berre så lenge fondet er positivt.

**NOTE nr. 21 Tilhøve ved slutten av rekneskapsåret med uvisst utfall og hendingar etter balansedagen.**

Radøy idrettslag har søkt kommunestyret om ettergjeving av gjeld kr 261.852,25 knytt til grasbane i Austmarka.

**NOTE nr. 22 Årsverk og godtgjersle til leiande personar****Årsverk**

| <b>Tekst</b>             | <b>2015</b> | <b>2014</b> |
|--------------------------|-------------|-------------|
| Tal årsverk              | 400         | 414         |
| Tal tilsette             | 512         | 515         |
| Årsverk kvinner          | 332         | 345         |
| Tal kvinner              | 428         | 434         |
| % del kvinner av årsverk | 83%         | 83,33       |
| Årsverk menn             | 68          | 69          |
| Tal menn                 | 84          | 81          |
| % del menn av årsverk    | 17%         | 16,67       |

**Gjennomsnittleg stillingsstorleik**

| <b>Tekst</b> | <b>Radøy</b> | <b>Noreg</b> |
|--------------|--------------|--------------|
| Alle         | 78           | 78           |
| Kvinner      | 78           | 77           |
| Menn         | 81           | 81           |

Alle tala er henta frå KS arbeidsgjevarmonitor, og er oppdatert pr 1.12. det føregåande året.

Personalpolitikken til Radøy kommune har som mål å ha eit positivt arbeidsmiljø som består av begge kjønn. I Radøy kommune skal følgjande likestillingstiltak gjelde/nyttast:

- Ein skal freista å få til likedeling mellom kjønna i leiarstillingar
- Radøy kommune skal oppmuntra og vera positiv til opplæring som kvalifiserer kvinner til å søkja leiande stillingar
- Begge kjønn skal vera representert i arbeidsgrupper og prosjektgrupper

**Godtgjersle til rådmann og ordførar**

| <b>Tekst</b>                                                                                                   | <b>2015</b> | <b>2014</b> |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------|-------------|
| Løn og anna godtgjersle til rådmann                                                                            | 971 055     | 915 052     |
| Løn og anna godtgjersle til rådmann for verv i kommunal samanheng (AS, KF, IKS, stiftingar etc )               |             |             |
| Løn og anna godtgjersle til ordførar Jon Askeland                                                              | 884 091     | 855 593     |
| Løn og anna godtgjersle til ordførar Jon Askeland for verv i kommunal samanheng (AS, KF, IKS, stiftingar etc ) | 71 295      | 45 175      |

**Note nr. 23 Netto driftsresultat**

| <b>Tekst</b>                                                                                                                               | <b>2015</b>      | <b>2014</b>        |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------|--------------------|
| For at netto driftsresultat skal gje økonomisk informasjon om korleis drifta i kommunen har vore siste året, må desse korrigerane gjerast: |                  |                    |
| Netto driftsresultat iht årsrekneskapen                                                                                                    | 12 378 709       | - 3 779 774        |
| Bruk av bundne fond (+)                                                                                                                    | 1 424 952        | 1 106 955          |
| Avsetjing til bundne fond (-)                                                                                                              | 10 886 037       | 1 654 023          |
| Uvanlege og vesentlege inntekter/utgifter                                                                                                  | 0                | 0                  |
| <b>Korrigert netto driftsresultat knytt til drifta i kommunen</b>                                                                          | <b>2 917 624</b> | <b>- 4 326 842</b> |



Til kommunestyret i Radøy kommune

Kopi:  
Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Administrasjonssjefen

## MELDING FRÅ REVISOR

### Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Radøy kommune som viser kr 263 853 425 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3 256 655. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2015, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ein omtale av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre notecopplysningar.

### *Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen*

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

### *Revisor sine oppgåver og plikter*

Vår oppgåve er å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, og ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.



## *Konklusjon*

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Radøy kommune per 31. desember 2015 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

## **Utsegn om andre tilhøve**

### *Konklusjon om budsjett*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*


Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Isdalstø, 30.03.2016

Nordhordland Revisjon IKS

Reidar Bjørsvik  
Revisjonssjef

# Årsmelding 2015



Årsmeldinga for 2015 vert lagt fram av rådmannen, og er først og fremst ei melding til kommunestyret om drifta i 2015.





Jarle Landås

«sjå det moglege i situasjonen». Eg opplever at tilsette har dette med seg i kvardagen og at dette medverkar til at vi får gode tenester. Resultatet er at vi med styrka kraft kan seia «sjå til Radøy».



2015 har vore eit økonomisk godt år for Radøy kommune. Auka inntekter og reduserte utgifter som ikkje kommunen har direkte innverknad på, er ein del av forklaringa. Nøktern drift og god økonomistyring i alle ledd i organisasjonen med månadsrapportering og ei stillingsgruppe som vurderer alle tilsettingar før utlysing har også bidrege sterkt til det økonomiske resultatet som er lagt fram.


Vi har i 2015 utvikla vidare målstyringa vår med måleindikatorar og rapportering for tenestene. Rapportering knytt til målstyring og drift til overordna nivå gir grunnlag for innhaldet i denne årsmeldinga.

Vi har ikkje nådd målsetjinga om å redusere sjukefråværet i Radøy kommune. Sjukefråværet er høgt, men det er viktig å merke seg at talet ikkje er særleg høgare enn snittet for kommunane i Noreg. Reduksjon av sjukefråværet har vore prioritert oppgåve. Det skal særskilt merkast at det er sett ned ei sjukefråværsgruppe som arbeider med ulike tiltak som vil bli sett i verk. Dette tenkjer vi vil kunne gje gevinst, særleg på lengre sikt. Politikarane vil også bli involvert i dette arbeidet.

Vi leverer jamt over gode tenester til innbyggjarane. Gode, kompetente medarbeidarar har arbeidd hardt, slik at dette var mogleg trass i knappe økonomiske rammer på mange av områda. Tronge økonomiske rammer i mange år har ein verknad vi må vere merksam på. Vi må sørgje for at vi framover har eit grunnlag for å utvikle tenestene, får til ei implementering og organisasjonsutvikling og god og rett kompetanseutvikling for medarbeidarane.

I grunnlagsdokumentet for tilsette i Radøy er sentrale ord «saman» og

## Folketalsutvikling



## Grunnlagsdokument for tilsette i Radøy

| Saman                                                                                                                     |                    |                                                                                       |                      |                                                                                                   |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------|---------------------------------------------------------------------------------------|----------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Medverknad                                                                                                                | Felles forståing   | Tenkje og bidra ut over eigen sektor                                                  | Felles mål           | Framsnakking                                                                                      |
| Sjå til radøy                                                                                                             |                    |                                                                                       |                      |                                                                                                   |
| Løysingsorien-tert                                                                                                        | Engasjert og stolt | Tar og gir ansvar                                                                     | Nøktern              | Positivt samspel                                                                                  |
| Tryggleik                                                                                                                 |                    | Trivsel                                                                               |                      | Livskvalitet                                                                                      |
| Kompetent organisasjon<br>Tydeleg respektfull kommunikasjon<br>God beredskap<br>God infrastruktur<br>Forsvarlege tenester |                    | Fellesskap<br>God folkehelse<br>Godt humør<br>Gode fritidstilbod<br>Tilpassa tenester |                      | Tryggleik<br>Trivsel<br>Tilhøyrslø<br>Ivaretaking av behov i alle livsfasar<br>Fleksible tenester |
| Verdiar                                                                                                                   |                    |                                                                                       |                      |                                                                                                   |
| Open og inkluderande                                                                                                      | Tydeleg og lærande | Ansvarleg og lojal                                                                    | Ærleg og omsorgsfull | ... basert på tillit og respekt                                                                   |
| Sjå det mogelege i situasjonen                                                                                            |                    |                                                                                       |                      |                                                                                                   |

I rekneskapsdokumentet for 2015 finn ein detaljert informasjon om rekneskapa for 2015. I årsmeldinga vert det lagt fram ein del tal og vurderingar som eit supplement til årsrekneskapa.

I budsjettvedtaket for 2015 har kommunestyret løyvd midlar til drift av dei kommunale tenestetilboda, jf skjema 1A og 1B i rekneskapsdokumentet. Løyvingane er gitt som ei netto ramme for kvar sektor, som igjen er delt i ei rekkje tenestområde. Dette betyr at ein leiar for eit tenestemråde kan utvida driftsomfanget, dersom utvidinga blir dekkja av auka inntekter på same område. Tala som går fram av driftsrekneskapa på denne sida kan såleis avvika frå budsjettet, utan at budsjetttrammene av den grunn er overskridne. Det vert difor i liten grad lagt vekt på budsjettavvik i høve til den samla driftsrekneskapa. Det må likevel peikast på at budsjettet for 2015 var svært stramt, og det var føresett bruk av fond for å koma i balanse. Månadsrapporteringa undervegs i driftsåret kunne tyda på meirforbruk iht budsjett på fleire tenestemråde. Med udekkja underskot frå 2014, vurderte rådmannen det som uråd å regulera budsjettet undervegs i året.

**Brutto driftsresultat** er positivt i 2015, med ca 6,8 mill. Brutto driftsresultat er enkelt sagt driftsinntekter minus driftsutgifter. Ved normal drift bør brutto driftsresultat alltid vera positivt, men i Radøy har det vore regelen at brutto driftsresultat har vore negativt. Det positive resultatet i 2015 skuldast først og fremst eit tilskot på 8 mill, motteke frå Norsk kommunikasjonsmyndighet. Tilskotet er sett av til bundne fond, og skal etter planen betalast ut i 2016. Kommunen har motteke fleire andre tilskot, der kostnadene først kjem på i 2016. Dette påverkar i sterk grad både brutto og netto driftsresultat.

Netto driftsresultat er på ca 12,3 mill. Dette resultatet er «altfor godt», jf merknaden om brutto driftsresultat ovanfor. Ser ein på den «reine» drifta, dvs tek vekk bruk og avsetjing til bundne fond, er eit meir realistisk driftsresultat om lag 2,9 mill. Sjå også note 23 i rekneskapsdokumentet.

Diagrammet til høgre syner korleis utviklinga i netto driftsresultat har vore

| Driftsrekneskapa                    | 2015             | B 2015           | 2014             |
|-------------------------------------|------------------|------------------|------------------|
| <b>Driftsinntekter</b>              |                  |                  |                  |
| Brukarbetalingar                    | (17 617)         | (17 110)         | (18 209)         |
| Andre sals- og leigeinntekter       | (30 619)         | (26 026)         | (27 580)         |
| Overføringar med krav til motyting  | (63 248)         | (30 810)         | (44 397)         |
| Rammetilskot frå staten             | (150 216)        | (146 206)        | (144 969)        |
| Andre statlege overføringar         | (8 714)          | (6 739)          | (8 920)          |
| Andre overføringar                  | (1 987)          |                  | (165)            |
| Skatt på inntekt og formue          | (111 389)        | (113 588)        | (110 957)        |
| Eigedomsskatt                       | (11 799)         | (11 728)         | (11 555)         |
| <b>Sum driftsinntekter</b>          | <b>(395 589)</b> | <b>(352 207)</b> | <b>(366 754)</b> |
| <b>Driftsutgifter</b>               |                  |                  |                  |
| Lønsutgifter                        | 221 294          | 204 971          | 211 736          |
| Sosiale utgifter                    | 60 749           | 62 632           | 58 310           |
| Kjøp som inng. i komm. prod.        | 45 546           | 40 702           | 46 738           |
| Kjøp som erstattar eigen prod.      | 25 167           | 23 441           | 24 009           |
| Overføringar                        | 23 813           | 16 250           | 26 293           |
| Avskrivningar                       | 14 829           | 12 937           | 13 914           |
| Fordelte utgifter                   | (2 616)          | (3 166)          | (3 367)          |
| <b>Sum driftsutgifter</b>           | <b>388 782</b>   | <b>357 767</b>   | <b>377 631</b>   |
| <b>Brutto driftsresultat</b>        | <b>(6 807)</b>   | <b>5 560</b>     | <b>10 877</b>    |
| Renteinntekter, utbytte mv          | (4 783)          | (4 669)          | (8 263)          |
| Rentekostnader og avdrag            | 14 040           | 13 810           | 15 078           |
| Motpost avskrivningar               | (14 829)         | (12 937)         | (13 914)         |
| <b>Netto driftsresultat</b>         | <b>(12 379)</b>  | <b>1 764</b>     | <b>3 780</b>     |
| Netto avsetningar og overf til inv. | 9 122            | (1 766)          | 869              |
| Meir (mindre)forbruk                | (3 257)          | (2)              | 4 650            |
| (tal i heile tusen)                 |                  |                  |                  |


dei siste åra, med korrigering iht «rein drift» i 2014 og 2015.

Rådmannen er uansett nøgd med resultatet for 2015. Nøkttern drift i alle ledd og god økonomistyring, mellom anna gjennom månadleg rapportering frå alle leiingar, og vurdering av alle ledi-

ge stillingar før utlysing, har medverka til resultatet.

**Brukarbetalingar** vert fullt ut generert av dei ulike tenestemråda, og omfattar først og fremst foreldrebetaling i barnehage og SFO og betaling

## Netto driftsresultat



Diagrammet syner netto driftsresultat dei siste åra. Den heiltrekne lina syner resultatet om ein ser på «rein drift», dvs korrigert for bruk og avsetjing til bundne fond. Slik korrigering er berre gjort frå 2014.

for institusjonsopphald. Inntektene syner ein reduksjon samanlikna med 2014. Reduksjonen kjem først og fremst frå eigenbetalingar innan helse og omsorg.

**Sals- og leigeinntekter** er også inntekter som vert generert på kvart tenesteområde, til dømes vass- og avløpsgebyr, leigeinntekter kommunale bustader, gebyrinntekter innan teknisk forvaltning og andre leigeinntekter, td. i Radøyhallen. Inntektene syner ein vekst på ca 11% samanlikna

mill samanlika med 2014. Sjå diagram for sjukefråvere nedst på side 6, med tilhøyrande kommentarar.

**Rammetilskot og skatt** må sjåast i samanheng. Skatteinngangen i 2015 synte ein svak vekst samanlikna med 2014, om lag 0,4%, men god skatteinngang på landsplan gav meir inntektsutjamning enn budsjettert. I tillegg vart rammetilskotet høgare enn budsjettert, som følgje av endringar i revidert nasjonalbudsjett (RNB). Samla meirinntekt her vart om lag 1,7 mill.

**Dei samla driftsinntektene** i 2015 var 395,6 mill, ein auke på 7,9% frå 2014.

Ser ein bort frå uvanlege postar, er veksten på om lag 5%.

**Lønsutgiftene** syner ein vekst på 4,5% samanlikna med 2014, men korrigert for sjukelønsrefusjon er veksten 3,16%.


Det er rimeleg nær den generelle lønsveksten i 2015, og syner at det samla aktivitetsnivået i 2015 ikkje har auka samanlikna med 2014.

Innbetalt premie til KLP i 2015 er over 10 mill lågare enn premie betalt i 2014. Men den rekneskapsmessige pensjonskostnaden har auka med om lag 2,4 mill. samanlikna med 2014.

Skilnaden mellom pensjonspremie og pensjonskostnad vert kalla premieavvik. I fleire år har vi inntektsført eit premieavvik, for så å kostnadsføra det igjen over fleire år. For 2015 er avviket «andre vegen», slik at vi kostnadsfører i år, og inntektsfører igjen over dei neste sju åra. Dei store svingingane i premie vert såles jamna ut noko. Premieavviket vert ført på eit felles ansvar under «Stab og politisk» i skjema 1B. Det oppsamla premieavviket har vorte redusert monaleg i 2015, sjå diagram nedst på sida. Note 2 i rekneskapsdokumentet gir eit detaljert oversyn over pensjonspremie og pensjonskostnad. Med ein «sunn» kommuneøkonomi burde vi hatt eit disposisjonsfond som var stort nok til å dekkja heile det akkumulerte premieavviket.

**Samla driftsutgifter utanom løn og sosiale kostnader** har gått marginalt ned frå 2014 til 2015. Diagrammet til høgre nedst på side 4 syner korleis driftsutgiftene og driftsinntektene har variert i ulik grad dei siste åra. Vi ser at driftsutgiftene har gått litt ned, medan driftsinntektene har auka i 2015 sa-

## Driftsinntekter



med 2014. Auka leigeinntekter knytt til husvære og auka gebyrinntekter på fleire av sjølvkostområda forklarar mykje av veksten. Auka leigeinntekter har ein motpost i auka leigekostnader der kommunen leigar inn for vidare utleige.

**Overføringar med krav til motyting** vert også i stor grad generert på tenestenivå. I denne posten ligg mellom anna sjukelønsrefusjon, mva-kompensasjon og refusjon ressurskrevjande tenester, i tillegg til ein del andre offentlege refusjonar, m.a. innan barnevernet. Her ser vi betydeleg auke samanlikna med 2014. Ei vesentleg forklaring på denne auken er tilskot til breibandsutbygging, tilskot til kommunepsykolog og til ruskoordinator, jf innleande kommentarar til brutto driftsresultat. Det meste av midlane her er overført til 2016, i form av avsetjing til fond.


Tilskot til ressurskrevjande tenester har auka med om lag 3,7 mill, men dette har sin motpost i auka driftskostnader til slike tenester.

Sjukelønsrefusjon og refusjon foreldrepengar har auka med om lag 3,3

**Andre statlege overføringar** gjeld ma. statstilskot flyktningar og ulike rentekompensasjonar. Tilskot til flyktningar auka med om lag 1,2 mill samanlikna både med 2014 og budsjett. Denne inntektsauken har først og fremst vorte nytta til auka utbetalingar under introduksjonsordninga.

**Eigedomsskatten** syner ein auke på 2% samanlikna med i fjor. Auken er i hovudsak knytt til retaksering av nokre næringsanlegg i 2015.

## Høvesvis endring driftsinntekter og -utgifter frå året før



manlikna med 2014.

**Kjøp av varer og tenester som inn- går i tenesteproduksjonen** syner ein reduksjon på 2,2% samanlikna med 2014. Dette fordeler seg på mange ulike detaljpostar i totalrekneskapen. Noko skriv seg også frå endra bokføring av kostnader, t.d. knytt til slamtømming, som i 2015 er ført som kjøp av tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon.

**Kjøp av tenester som erstattar tenesteproduksjon** syner auka på 4,8% samanlikna med 2014. Her er bokført kostnader til alle interkommunal tiltak, IKS og kjøp av tenester frå private. Det meste av endringa skriv seg frå slamtømming, ref avsnittet ovanfor. Posten **overføringer** har gått mykje ned i 2015 samanlikna med 2014. Dette skuldast først og fremst bortfall av medfinansieringsordninga, som åleine utgjør ca 6 mill. Det er utbetalt 1 mill i anleggsbidrag til BKK i samband med breibandsutbygging, og overført spelemidlar til Radøy IL på 1,8 mill. Dette er midlar kommunen har motteke frå andre, for utbetaling.

Posten **fordelte utgifter** syner negativ verdi. Dette gjeld kostnader som er fakturert internt i kommunen, og som samla sett har nullverknad på kommunerekneskapen.


**Finanspostane** er renteinntekter, utbytte, rente- og avdragskostnader. Her er det redusert aksjeutbytte frå BKK, om lag 3 mill, som utgjør den største endringa samanlikna med 2014. Unytta lånemidlar har halde likviditeten akseptabel gjennom året. Dette gjer at renteinntektene har vorte noko høgare enn ein kunne rekna med. Radøy kommune har bankavtale med Sparebanken Vest, og alle innskotskonti har fast rentetilknytning til NIBOR. Låge renter gjennom året gjer at rentekostnadene har halde seg på eit «behageleg» nivå. Ein del av lånegjelda har fast rente. Nærare detaljar kring dette finst i rekneskapsdokumentet, note 16.

**Avdragskostnaden** er omlag uendra frå 2014, om lag 8,2 mill. Dette skuldast primært at vi frå og med 2014 har betre grunnlag for å rekna ut ei eksakt veking av avskrivningstid på alle anleggsmidlar, og dermed eit nøyaktig minsteavdrag etter lova. Fylkesmannen i Hordaland plar leggja til grunn at avdrags skal vera 3,5% av gjelda, noko som tilsvarar om lag kr 8.369.000.


## Netto lånegjeld

pr innbyggjar har auka i løpet av 2015, medan netto lånegjeld i høve til brutto driftsinntekter har gått ned. Diagrammet renteesponert gjeld syner den gjelda som er knytt til vanleg drift, dvs korrigert for gjeld knytt til VA, gjeld der kommunen får rentekompensasjon etc. Dette gir det beste bilete på driftsutfordringa. Med 34% ligg Radøy rimeleg greitt til.

## Netto lånegjeld pr innbyggjar



## Renteeksponert gjeld i % av bto driftsinntekter




Men så lenge lovkravet er oppfylt, kan ikkje fylkesmannen gjera anna ein å meina at avdrags burde vore høgare.

Som nemnt tidlegare gir årets netto drifftsresultat eit «for godt» bilete av drifta. Mindreforbruket «på bunnlina» er langt nærare eit reelt bilete. Det er sett av 10,8 mill til bunde fond, om lag 9 mill av desse er knytt til motteke

tilskot som skal utbetalast eller nyttast i løpet av 2016. Resten er overskot på sjølvkostområda. Nærare informasjon om desse områda går fram av note 20 i rekneskapsdokumentet.


Sjølv om det justerte resultatet er svakare enn dei ønskelege 1,7% av driftsinntektene, gir det eit godt grunnlag for vidare drift.

## Totale brutto driftsutgifter pr innbyggjar



## Netto driftsutgifter på tenesteområda

Diagrammet syner kvart tenesteområde sin prosentvise del av kommunen sine totale netto driftsutgifter



## Kostnader til administrasjon pr innb





Diagramma over og til venstre syner KOSTRA samanlikningstal publisert frå SSB 15.3.2016. Kommunane Sveio, Osterøy, Vågsøy og Gloppen er kommunar på Vestlandet, som Radøy i rimeleg grad kan samanliknast med. Utvalet av kommunar er gjort i samråd med Fylkesmannen i Hordaland. Radøy kommune var i kostragruppe 2 til 2013, og har vore i gruppe 10 frå 2014. Hovudårsaka til flyttinga er at folketalet i Radøy har passert 5.000. I diagrammet til venstre ser ein klårt denne overgangen i stolperekka lengst til høgre. Kostnadene til administrasjon pr innbyggjar går tydeleg ned når folketalet passerer 5.000.

## Sjukefråvære



Diagrammet til venstre syner utviklinga av sjukefråværet frå 2010 til 2015, fordelt kvartalsvis, og som ein samla årsverdi (heiltrekt line). I 2015 var det særleg første kvartal som trekte opp gjennomsnittet, med det høgaste registrerte fråværet dei siste 10 åra.

| Balanse                              | 2015               | 2014             |
|--------------------------------------|--------------------|------------------|
| <b>Eigendelar</b>                    |                    |                  |
| <i>Anleggsmidler</i>                 |                    |                  |
| Pensjonsmidlar                       | 413 307            | 382 242          |
| Aksjar og andelar                    | 98 684             | 97 694           |
| Utlån                                | 30 521             | 33 439           |
| Utstyr, maskiner og transportmidlar. | 13 961             | 14 821           |
| Faste eigedomar og anlegg            | 368 728            | 366 180          |
| <b>Sum anleggsmidler</b>             | <b>925 201</b>     | <b>894 376</b>   |
| <i>Omløpsmidlar</i>                  |                    |                  |
| Kasse og bank                        | 59 250             | 36 133           |
| Kortsiktige fordringar               | 30 783             | 26 357           |
| Premieavvik                          | 25 046             | 31 451           |
| <b>Sum omløpsmidlar</b>              | <b>115 079</b>     | <b>93 941</b>    |
| <b>Sum eigendelar</b>                | <b>1 040 280</b>   | <b>988 317</b>   |
| <b>Gjeld og eigenkapital</b>         |                    |                  |
| <i>Eigenkapital</i>                  |                    |                  |
| Bundne driftsfond                    | (17 922)           | (8 462)          |
| Ubundne investeringsfond             | (5 095)            | (5 095)          |
| Bundne investeringsfond              | (2 059)            | -                |
| Disposisjonsfond                     | (1 096)            | (6 085)          |
| Endring i rekneskapsprinsipp         | 527                | 527              |
| Rekneskapsm. meirforbruk             |                    | 4 650            |
| Rekneskapsm. mindreforbruk           | (3 256)            | -                |
| Udekka i investeringsrekneskapen     |                    | 1 019            |
| Kapitalkonto                         | (162 062)          | (159 629)        |
| <b>Sum eigenkapital</b>              | <b>(190 965)</b>   | <b>(173 075)</b> |
| <i>Gjeld</i>                         |                    |                  |
| Pensjonsforplikting                  | (514 882)          | (492 335)        |
| Andre lån                            | (269 289)          | (256 659)        |
| Kortsiktig gjeld                     | (64 209)           | (64 278)         |
| Premieavvik                          | (934)              | (1 970)          |
| <b>Sum gjeld</b>                     | <b>(849 314)</b>   | <b>(815 242)</b> |
| <b>Sum gjeld og eigenkapital</b>     | <b>(1 040 280)</b> | <b>(988 317)</b> |
| Unytta lånemidlar                    | 21 029             | 14 244           |

**Balansen** til venstre er ei oppstilling over kommunen sine eigendelar, gjeld og eigenkapital pr 31.12.2015, og tilsvarende tal pr 31.12.2014. Alle tal i denne oppstillinga er i heile tusen.

Sum eigendelar har auka med om lag 52 mill frå 2014 til 2015. Den største auken skriv seg frå pensjonsmidlane, som har auka med om lag 31 mill. Dette er midlar som ligg i KLP og SPK. Bankinnskot og kortsiktige fordringar har auka, medan premieavviket har gått noko ned.

Omløpsmidlane, dvs. bankinnskot og kortsiktige fordringar har auka mykje, medan premieavviket er noko redusert frå 2014 til 2015. Dette skuldast først og fremst unytta lånemidlar som står på bankkonto.

Bundne driftsfond har auka mykje. Dette har samanheng med overskot på sjølvkostområde, og mottekne, bundne midlar som først vert nytta i 2016. Disposisjonsfondet er redusert som følgje av inndekking av underskotet frå 2014.

Pensjonsforpliktinga har auka med ca 22 mill. samanlikna med 2014. Pensjonsforpliktinga er den samla forpliktinga vi har til å betala pensjon til tidlegare og noverande tilsette i Radøy kommune. Talet vert rekna ut av forsikringsselskapa.

Andre lån er lån i Kommunalbanken, KLP og Husbanken. Desse har auka med ca 12,6 mill frå i fjor. Av lånegjelda er om lag 94,5 mill lån med fast rente i 3-5 år. Nærare informasjon om dette går fram av note 16 i rekneskapsdokumentet.


Den kortsiktige gjelda er om lag uendra samanlikna med 2014, og består av gjeld til leverandørar og andre kommunar, skuldig skattetrekk, feriepengar og arbeidsgjevaravgift og påkomne kostnader som gjeld 2015, men som først vert betalt i 2016.

I rekneskapsdokumentet for 2015 finst det meir detaljert informasjon om balansen.

**Arbeidskapitalen** har gått noko opp i løpet av 2015. Som det går fram av diagrammet, har arbeidskapitalen, når ein ser vekk frå unytta lånemidlar og premieavvik, gått på ned sidan 2010, men har snudd opp att i 2015. Likevel er det slik at likviditeten «flyt» som følgje av unytta lånemidlar. Hovudårsaka til at ein har unytta lånemidlar, er at det ikkje er samsvar mellom

låneopptak og faktiske investeringar i året. Det kan vera mange årsaker til dette. Lånemidlane står på konto og gir netto rentebidrag til drifta i året.

**Arbeidskapital**



Det er ei generell utfordring å løyva tilstrekkelege midlar til tenesteområde som er i sterk vekst, særleg når kommunen sin økonomi i utgangspunktet er så pressa som den faktisk er. Når budsjettet balanserer kring null, er det krevjande å utvida rammene på nokre tenesteområde, og samstundes finna forsvarleg inndekking gjennom innsparingar på andre område.

Samla sett hadde oppvekstsektoren eit mindreforbruk (overskot) i forhold til budsjett på 2,7 mill kr i 2015. Av dette er 1,6 mill knytta til mindreforbruk på fellestenester oppvekst og 1,1 mill er samla mindreforbruk for einingane innafor skule, barnehage, musikk og kulturskulen og PPT. Hovudårsakene til det totalte mindreforbruket for oppvekstsektoren er lågare utgifter enn budsjettet innafor fellestenesteområdet, lågare pensjonsutgifter enn budsjettet og stram økonomistyring av alle einingane gjennom heile året, mellom anna gjennom månadleg økonomirapportering

## Fellestenester oppvekst

På området Fellestenester oppvekst er det eit mindreforbruk på 1,6 mill i høve til budsjett. Hovudårsaka til mindreforbruket innafor dette området er knytta til lågare utgifter til gjesteelevar og barnehageborn i andre kommunar enn budsjettet. Kostnader knytta til slike tiltak er særleg vanskeleg å budsjettere, då kommunen har ingen innverknad på kor mange born det er som har krav på slik hjelp, og talet på born det gjeld kan variere stort frå år til år.

Ansvarsområdet fellestenester oppvekst innheld område som:

- Styrkingstiltak/ spesialpedagogisk hjelp i barnehagane, som ikkje vert belasta den einskilde barnehage, men som vert ført sentralt. Desse kostnadene har auka mykje dei siste par åra, og kan ha sterk samanheng med ekstra fokus på tidleg innsats av språkleg utvikling i barnehagealder, noko som og er sterkt vektlagt i La Linea.
- Kostnader til barnehageborn frå Radøy som går i barnehage i andre kommunar.
- Kostnader til elevar frå Radøy som får spesialundervisning i andre kommunar og/eller går på private skular.

- Kostnader knytt til fosterborn frå Radøy som bur og går på skule eller i barnehage i andre kommunar.
- SFO felleskostnader
- Ungdomskoordinator
- Kostnader til kjøp av vaksenopp-læring knytt til framandspråklege. For ein del år tilbake hadde vi eige tilbod om norskopplæring til innvandrarar, men vi kjøper no desse tenestene frå Lindås kommune (framandspråkleg ved LOAS). Det er lite truleg at Radøy kommune kunne spart på å ha dette tilbodet sjølv igjen. I tillegg ville kvaliteten sannsynlegvis vore dårlegare, då Lindås har så mange elevar i desse tiltaka at dei kan tilby nivådifferensiert undervisning i ulike grupper.

## Barnehage

Kostnadane til barnehagar har auka mykje dei siste åra. Dette er ei nasjonalt styrt utvikling, der målet er full barnehagedekning. Radøy kommune har tidlegare hatt lågare dekningsgrad enn mange andre kommunar, og potensialet for auka etterspurnad har såleis vore stort. I praksis har vi måtta auka på med fleire avdelingar for å stette lovkrava. I 2015 har Prestmarka barnehage eit mindreforbruk i høve budsjett, medan dei andre har eit lite meirforbruk. Likevel har barnehagane samla sett gått i balanse. Realiteten er at drifta i barnehagane er svært nøktern, og at ressurstildelinga for barnehage i 2015 har gått i balanse tyder på god styring av driftsmidlane og økonomifokus i det daglege arbeidet.

Barnehagane har hatt nesten fulle


avdelingar gjennom heile året. Ved barnehageopptaket i mars fekk alle som hadde rett til barnehage tilbod om plass. I tillegg har ein kunne gitt tilbod til ein del andre, også i løpet av året. Barnehagane våre får jamt over gode tilbakemeldingar frå brukarane, som oppfattar tenestekvaliteten som god. Felles for alle barnehagane er at dei påpeiker til dels høgt sjukefråvere og liten tilgang på vikarar som særskilde utfordringar i tenesta. Dette er og ein direkte årsak til at det ofte vert vanskeleg for pedagogane å ta ut den ubundne planleggingstida si. Høgt fråver vil og påverke tenestekvaliteten, då dei som arbeider fast i barnehagen alltid vil vere dei som har størst kompetanse og erfaring til å kunne gje borna det beste tilbodet.

Barnehagane har i 2015 jobba med ulike område for kompetanseutvikling, som til dømes pilotprosjekt i teiknspråk, etterutdanning innafor pedagogisk dokumentasjon, og kvalitetsutvikling, språkutvikling og språkstimulering, sosial kompetanse/ mobbing samt kursrekkejer i arbeid med born med spesielle behov

## Skule

Dei fleste skulane har makta å driva innanfor budsjetttrammene i 2015, med eit samla mindreforbuk på ca 0,85 mill. Ei av årsakene til mindreforbuket for skulane er lågare kostnader til pensjon enn budsjettet. Drifta i skulane er i tillegg svært nøktern, og at ein har gått i balanse tyder på god styring av driftsmidlane og økonomifokus i det daglege arbeidet. Det er viktig å ha med seg at skulane i stor grad har klart

## Netto utgifter skulesektor pr innb 6-15 år



det store kuttet i personalressursar som vart vedteke i budsjettet for 2014, og som har følgt skulane inn i 2015. Samla sett bruker skulane no ca 100 rammetimar mindre pr/veke enn dei gjorde i 2013, medan auken i elevtalet eigentleg tilsa ein auke i rammetimetallet. Dette kuttet på 100 rammetimar tilsvarar ei innsparing på 4 heile lærarstillingar totalt sett for kommunen.

I samarbeid ved Utdanningsdirektoratet sitt rettleiarkorps har alle skulane i 2015 vidareført satsingsområde og utviklingsarbeid innafor vurdering for læring og/eller tilpassa opplæring. I denne samanhengen har skulane gjennomført ekstern skulevurdering frå Utdanningsdirektoratet, der ein har funne både sterke sider og potensielle utviklingsområde på kvar skule. Kvar skule har fått munnleg tilbakemelding og skriftleg rapport med klare anbefalingar om vidare satsing på forbettringsområde, noko dei alle er i full gang med. Gjennom den eksterne skulevurderinga fekk og alle skulane klare og tydelege tilbakemeldingar på at ein gjer særst mykje bra og at ein på mange område er kome langt allereie. Gjennom arbeidet med rettleiarkorpsset har skulane fått arbeide med kompetanseutvikling, særleg for leiarane.

I 2015 har innføring av fleire nye data-system og IKT basert verktøy gitt skulane særskilde utfordringar i tenesta. Dette gjeld til dømes Visma Flyt, som er nytt skuleadministrativt system for alle kommunane i Nordhordland og Vokal, som er eit nettbasert verktøy for

samanlikning av vurdering og kartlegging i skulen, slik at lærarar lettare kan gje tilpassa undervisning. Utfordringa med slike nye system er at det er tidkrevjande både å setje seg inn i, implementere, og lære seg å bruke. Målsetjinga er likevel at dei skal vere nyttige, effektiviserande og kvalitetsutviklande på sikt.

Skulane har i all hovudsak godt utdanna, kompetent og stabilt personale, både på lærar- og assistentsida. Kommunen har skuleåret 2015/2016 4 lærarar som deltek på vidareutdanning i regi av staten si satsing, og der staten dekkar det alle meste av kostnader.

## Radøy musikk- og kulturskule

Radøy musikk- og kulturskule(RMK) har eit lite budsjett til å nytte til anna enn faste utgifter. Ein har mange lærarar i små stillingar, som er utfordrande i høve til både planprosessen og vidareutvikling av skulen. Heile RMK har i underkant av 3,5 årsverk. RMK har mange lærarar i deltidstilling under 40 %, og som arbeider fleire stadar. I 2015 har ein drive RMK med eit lite overskot. Gjennom eit redusert tal lærartimar frå og med hausten 2015 har ein klart å halda seg innafor lønsbudsjettet, og ein har i tillegg nytta innkjøpsstopp av mellom anna materiell for å halde budsjettet. RMK er eit godt døme på at ein får mykje tilbod og kvalitet ut av lite ressursar.

RMK har gjennom dette året og bidratt til samfunnsutvikling gjennom ei rekkje opptrinn på mellom anna Velferdssenteret, ulike arrangement rundt


om i kommunen, foreldrekonserter og skulekonserter. Administrativt har det nye IKT systemet Speedadmin bidratt til å lette kommunikasjonen mellom RMK, foreldre og elevar. Sakshandsamingstida er rask, og søkarar får rask tilbakemelding på om dei har fått plass eller står på venteliste.

## PPT

PPP har som tidlegare tre tilsette, og har eit lite budsjett til anna enn faste lønnsutgifter. I 2015 hadde PPT eit mindreforbruk på ca 160 000 kr. Overskotet skuldast at ein har hatt eit stilling som har stått delvis vakant gjennom heile året. Dette har vore ei stor utfordring for både oppvekstsektoren og PPT. Psykologen på PPT har hatt studiepermisjon i heile 2015, og dette har ført til lengre sakshandsamings- og utgreiingstid enn ynskjeleg, i tillegg til at ein har mangla denne spisskompetansen i perioden. For å ivareta behovet for evnekartlegging når psykologen har vore i permisjon, har PPT leigd inn kompetanse på dette området. Dette har vore ei god løysing. I tillegg har ein hatt inne spesialpedagog i 50% stilling hausten 2015 for å avlasta arbeidsmengda for dei fast tilsette.

Hovudsatsingsområda for PPT er å følgje opp individsaker med kartlegging, vurdering og rettleiing. I tillegg har ein fokus på systemretta arbeid som er i gang i skule og barnehage, som til dømes: språkopplæring og lese- og skriveutvikling. Ein har i tillegg tatt opp igjen arbeidet med å implementere «De utrolige årene» i barnehagane, noko som har vore ynskjeleg i fleire år.

## Netto driftsutgifter barnehage pr innbyggjar 1-5 år



Samla sett har helse og omsorg eit mindreforbruk på rett i underkant av 1,4 millionar kroner og dei einskilde tenestene leverer eit resultat etter budsjett eller betre. Trass i nøkterne budsjett blir det levert gode tenester og tenestene tilpassar seg endra krav.

## Barnevern

Barnevernstenesta nytta ca 450 000 kr mindre enn budsjett. Dette er i hovudsak knytt til få institusjonsplasseringar, og elles nøktern og god drift. I 2015 har barnevernstenesta hatt ei intern omorganisering, som mellom anna har hatt som formål å nytta tilgjengeleg kapasitet til førebyggjande arbeid. Ein tilsett arbeider no heiltid med utøving av tiltak (familierettleiar), både på oppdrag frå barnevernstenesta og som eit førebyggjande tiltak som er tilgjengeleg for andre tenester. Tanken er at dette vil bidra til å kunne hjelpe dei i lokalsamfunnet som har utfordringar som ikkje er i slik grad at det er grunnlag for melding til barnevernstenesta. Etter eit lågare tal nye meldingar gjennom siste halvår 2014 og første halvår 2015, var det igjen eit normalt tal meldingar i siste halvår 2015. Det låge talet nye meldingar i byrjinga av året, har medført noko færre tiltakssaker gjennom 2015. Barnevernstenesta har vore godt bemanna med kapasitet og kompetanse i 2015, og opplever at tenestekvaliteten har vore høg. Det er god oppfølging av lovkrav.

## Heimetenesta

Fokus på drift og økonomi kombinert med ei personalgruppe med stor fleksibilitet har medført at tenesta har klart å løyse årets utfordringar innan tildelte rammer.

Tenesta samhandlar med sjukehus og velferdssenteret, og andre kommunale einingar, alt med sikte på å tilby rett teneste på rett plass til rett tid. Tal tenestemottakarar har dei seinare åra vore rimeleg stabilt, med kring 200 brukarar. Samhandlingsreforma og pasientflyt inn og ut av sjukehus gir kommunen stadig nye utfordringar, brukarane vert dårlegare og forventningane til tenesta høgare. Tenesta har hatt utfordringar knytt til manglande døgnkontinuerleg sjukepleiedekning. Som eit ledd i å møte framtidas krav, tar heimetenesta aktiv del i opplæringa av helsepersonell i mange ulike læreløp. Personalet tar del i opplæring av sjukepleiarar og

helsefagarbeidarar, og det vert difor automatisk eit større fokus på fag og tenesteutøving. Heimetenesta har i 2015 fått utvida kontorlokale og dette gir muligheit til å effektivisere tidsbruken i rapportane og soleis frigi tid til direkte brukarkontakt. Tenesta jobbar vidare med utvikling av demensomsorga, og har fått tilskot frå Helsedirektoratet for å leggja til rette og utvikla dagtilbod til personar med kognitiv svikt.

## Helsehuset

Helsehuset er ei samling av tenestetilbod som fysioterapi, helsestasjon, jordmor og legeteneste. Helsehuset har fokus på gode tenester til alle; born, unge, familiar, eldre, flyktningar og innvandrarar. Helsehuset legg vekt på trivsel for tilsette og resultatet av arbeidet med dette var at helsehuset fekk arbeidsmiljøprisen i 2015. Elektronisk kommunikasjon er innført i helsehuset. Timar kan nå tingsast elektronisk og påminning av time gjennom SMS gjer betre oppmøte. Meldingar til pasient kan sendast elektronisk frå journalsystemet Infodoc. Helsestasjonen har fokus på lovpålagde tenester. Helsestasjon har hatt vakant stilling 40% frå oktober til januar. Fysioterapi har tverrfagleg samarbeid om heimebuande eldre og barn pågår. Har starta med Infodoc, godkjent journalsystem. Starta kolsgrupper og driv framleis balansegrupper og babygrupper. Har tatt i bruk elektronisk treningsprogram for brukarar. Kvardagstrening for eldre er igangsett. For jordmortenesta er tenesteavtale 8 oppdatert. Pga stillingsstorleik er det vanskeleg å nå rundt til barselkvinnene

første døgn etter heimkomst. Samarbeider med helsesøstrene på førebyggjande og helsefremjande arbeid. Har tett samarbeid med fastlege, fysioterapi, helsestasjon og spesialisthelsetenesta.

Legetenesta samarbeider med andre faggrupper, utnyttar sms for meir effektiv kommunikasjon til pasientane, og oppdaterer nettsider, rutinar og informasjon kontinuerleg.


## NAV

Vi kom ut nokonlunde i balanse i høve til budsjett i 2015. I 2015 hadde vi 176 brukarar av sosialhjelp ved NAV. og om lag 900 arkivsaker (vedtak). Til samanlikning hadde NAV i 2014 165 brukarar, og om lag 870 arkivsaker (vedtak). I 2015 var det 27 flyktningar i introduksjonsprogrammet. NAV har fokus på god sakshandsaming. Dei fleste saker blir behandla i saksmøte der alle sakshandsamarar er tilstades, for å syte for ein lik praksis.

Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med NAV i 2014 med tema handsaming av søknad om økonomisk stønad til brukarar med forsyntansvar. Fylkesmannen fann tre avvik. NAV har arbeidd med å justere rutinar og praksis slik at avvika vert retta. Det er også gjennomført forvaltningsrevisjon med tema ressursbruk og rutinar for oppfølging av mottakar av sosial stønad. Denne kom på slutten av 2015 og arbeid med påpeikte forbedringspunkt vil fortsette i 2016. Dei økonomiske rammevilkåra har vore knappe sett opp mot auka saksomfang og arbeid med flyktningar, men ei stabil personalgruppe får mykje ut av ressursane.

## Omsut

**Netto driftsutg. pleie- og omsorgstenester**  
pr innb. over 67 år



OMSUT har eit stort budsjett og ei stor brukargruppe. Det er likevel ei nokså liten brukargruppe som krev den største delen av tenesta sitt budsjett. Dette inneber at dei fleste tenestemottakarane må klare seg med relativt lite hjelp, og ein må organisere tenestene innanfor nokså stramme rammer. Å yte gode tenester til målgruppa er utfordrande, dette fordi det er stor variasjon både i hjelpebehov og korleis ein best tilpassar tenesteytinga. Det er god tilgang på eksterne fagmiljø som gir rettleiing og fylgjer opp, dette gir tenesteytande betre kompetanse og aukar kvaliteten på tenesteutføringa. I 2015 har tenesta hatt fokus på nokre brukargrupper der utfordringane har vore store, og tenesta har gjennomført 3 fagsamlingar for ulike tenesteytargrupper.

I 2015 har vi hatt særskild fokus på avlastingsstilbodet med tanke på trivsel for brukarane og individuell tilrettelegging. I samband med dette er det endra på ein del rutinar, mellom anna blir det no laga og sendt ut meir detaljerte planar for avlastingsopphaldet til den einskilde. Resultatet av arbeidet vil ikkje kunna målast innafor ei ramme på eit år, forbetringsarbeidet vil halde fram også gjennom 2016.

## Psykisk helse

Psykisk Helse for vaksne har totalt 90 tenestemottakarar, rundt 30 nye brukarar i løpet av 2015. Tenesta har hatt ei dreining over mange år, frå i hovudsak å yte teneste til menneske med alvorlege psykiske lidningar, til å registrere at fleire søker hjelp for lettare depresjon- og angstplager. Vanskar som oppstår i samband med livskriser ser

også ut til å ha ei betydeleg auke. Rus og psykiatri er ei anna av hovudgruppene. Tenesta tilpassar tenesta etter brukar sine ønskjer og behov, innanfor gitte rammer. Oppstart av dagtilbod, «Aktiv Saman» vart førebudd i 2015, og starta opp februar 2016.

Kommunepsykolog for barn og unge tok til i stillinga 01.09.15, og tok imot 19 tilvisingar i løpet av dei 2,5 første månadane. I 2015 hadde Radøy rett under 60 vedtak på støttekontaktoppdrag. Koordinerande eining hadde i 2015 rundt 15 aktive Individuelle planar.

## RIB

Tilbodet og det interkommunale samarbeidet fungerer godt. I august fekk vi leigeavtale med ekstern kommune og har no belegg på åtte av dei ni plassane vi har. Når kostnadene blir delt på fleire vil det gje reduserte kostnader for alle deltakarkommunane.

RIB har god dialog med samarbeidskommunane og spesialisthelsetenesta. RIB leiger lokale av Helse Bergen, der vedlikehaldet av bygningsmassen er ei utfordring. RIB dreiv i 2015 nøkternt og bra, men med noko meirforbruk. Dette er dels resultat av at ein tok utgangspunkt i at RIB ville få inn fleire brukarar tidleg på året enn det som vart, og dels lågare eigenbetaling enn venta. August 2015 kom ny brukar på plass.

## Velferdssenteret


VF styrte mot eit underskot fram til sommaren, grunna auke i tal tilsette i april-mai, og gjorde naudsynnte grep i drifta tidleg på hausten for å ta inn igjen overforbruket. Stor fleksibilitet

og evne til omstilling i personalgruppa har ført drifta meir enn i balanse. Resultatet for 2015 syner eit overskot på 1,1 mill. Det store overskotet skuldast 825 000 i mindreutgift til arbeidsgivaravgift og pensjon, 150 000 i meirinntekt i samband med eigenbetaling og etteroppgjer, og 100 000 meir i refusjon for ressurskrevjande tenester. Pasientstraumen auka kraftig i 2014, og har i 2015 stabilisert seg på same nivå som 2014. Mange pasientar er innom for kortare opphald i sjukeheim i etterkant av eit sjukehusopphald. God legedekning har vore avgjerande for å sikre flyt i pasienttrafikken.

Frå medio august har vi for første gong hatt ein lang periode med ledig kapasitet ved Velferdssenteret, det vil sei ledige institusjonsplassar. Den ledige kapasiteten har vart til over årsskiftet. Dette stemmer med prognosane frå SSB. Prognosane syner samtidig at etterspørselen etter institusjonsplassar snart vil auke på igjen.

Saker meldt til inntaksnemnda har vore færre enn tidlegare år, samtidig som meldingar om pasientar med auka hjelpebehov etter sjukehusopphald har auka. Fleire pasientar er innom sjukeheimen på korttidsopphald, men tal langtidsplassar har gått ned. I oktober 2015 hadde vi tilsyn frå fylkeslegen. Tilsynet undersøkte om Velferdssenteret har styring og fører kontroll med at helsehjelp til pasientar som motset seg somatisk helsehjelp vert gjeve i samsvar med helselovgjevinga. Tilsynet gav ingen merknader eller avvik. Den munnlege tilbakemeldinga frå tilsynslaget var særskild god. Ei stor oppleving for flotte tilsette ved Velferdssenteret.

## Netto driftsutgifter kommunehelseteneste pr innb



Velferdssenteret har dei seinaste åra nytta auka tal stillingar for å avhjelpe for vikarbruk ved sjukefråvere og liknande. Dette har vore ei god løysing for drifta, også med tanke på rekruttering av fagpersonale. Desse ekstra kostnadane vert dekt inn av refusjon for sjukefråvere.

Velferdssenteret har i 2015 fått nytt tak på deler av bygninga, og bytta ut mange vindauge på pasientromma i den gamle delen av bygget.

Som dei andre sektorane, har Drift og forvaltning hatt knappe økonomiske rammer i 2015, og året har derfor vore prega av stram økonomisk styring. Desto meir gledeleg er det at rekneskapen for sektoren samla gjekk i pluss i 2015. Sektoren hadde eit mindreforbruk på kr 1,9 mill., som forutan god økonomistyring, kan forklarast med lågare pensjonsutgifter enn budsjettert, vakansar i fleire stillingar og høgare gebyrinntekter enn budsjettert.

**Teknisk forvaltning** (TFO) handsama om lag 400 saker i 2015, og samla gebyrinntekter på nærmare 1,4 mill kr over budsjett gjenspeglar svært høg effektivitet i tenestene. I 2015 vart kr 751 188 sett til sjølvkostfond. Nivået på gebyrinntektene for plan, byggjesak og oppmåling låg i gjennomsnitt på eit lågare nivå enn kommunar som t.d. Lindås, Meland og Osterøy. Forutan stor aktivitet på byggjesak, har TFO hatt mange arealplanar i prosess, og fleire private reguleringsplanar vart endeleg vedtatt i 2015. For næringsrelaterte saker har TFO hatt fokus på å levere gode tenester med rask sakshandsaming og aktiv rettleiing i søknadsprosessen.

Vakanse i 50 % av planstillinga store deler av året har påverka det økonomiske resultatet positivt, men har også hatt konsekvens for arbeidsbelastninga ved avdelinga. Dette kjem m.a. til uttrykk i progresjonen i kommunalt planarbeid. Høgt arbeidspress har også ført til manglande tilsynsverksemd og avgrensa oppfølging av ulovlege tiltak. Tilsyn og ulovlegheitsoppfølging vart tidlegare følgt opp gjennom Nordhordland og Gulen Interkommunale Byggetilsyn (NGIB), men dette vart avslutta i 2014.

Innafor **Teknisk drift** vart det tidleg signalisert at reinhaldstenesta ville gå mot eit meirforbruk i 2015. Dette skuldast budsjettering av variabel løn, og var ikkje eit resultat av auka drift eller manglande økonomisk styring. Det vart jobba aktivt med å effektivisere reinhaldsdrifta gjennom året, og fleire kommunale bygg fekk færre reinhaldstimar enn før. Det periodiske reinhaldet målt i arbeidstimar vart også vesentleg redusert samanlikna med året før. For resten av tenestene innafor Teknisk drift bidrog stram økonomistyring og lågare pensjonskostnader til

eit resultat i balanse. Fokusområde for Teknisk drift har m.a. vore innmåling av leidningsnett for å få på plass ein digitalisert oversikt i kart, og områda nord for Manger (med unntak av Sletta-området) er no lagt inn i digitalt kart. Arbeid med hovudplan for vatn og avløp har også vore viktig fokusområde for Teknisk drift i 2015.

**Biblioteket** er ei lita eining med eit viktig oppdrag, og med 1,7 årsverk leverte biblioteket sine tenester innafor budsjettamma. Biblioteket har også langt på veg nådd måla for 2015: å styrkja funksjonen som sosial møteplass, auka fokus på barn og unge og levera gode og lett tilgjengelege digitale tenester. Radøy bibliotek har i 2015 gjort ulike tiltak for å legge til rette for biblioteket som arena for debatt, meningsutveksling og kulturelle opplevingar, t.d. kafé-dialog for ungdom og politikarar med tema «kommunesamanslåing». Lag og organisasjonar har nytta lokalet til møteverksemd, og biblioteket har arrangert «familielaurdagar» med teater og hatt filmframvisningar.

Vidare har biblioteket jobba med å gje barn og unge i Radøy eit godt og tilrettelagt bibliotekstilbod, t.d. gjennom ulike lesekampanjar som Sommarles, Leseknappen for andreklassane og Best-i-test for åttandeklassane. Det står framleis att arbeid i høve til oppdatering av barneavdelinga. Kolflåth-utstillinga tek mykje av plassen, og det er ikkje universell tilkomst til barneavdelinga. E-bøker er no tilgjengeleg via appen eBokBib, og filmtenester


som kortfilm og dokumentar finst på FilmBib og avistenesta PressReader med aviser frå heile verda, kan nyttast i biblioteklokalet. Facebook og heimesider vert nytta kontinuerleg.

**Frivilligsentralen** gjer eit svært viktig arbeid for innbyggjarane i Radøy, og det er spesielt den eldre garde som får nytta godt av aktivitetane hjå Frivilligsentralen. Forutan aktivitetstilbod på dagtid for dei eldre, gjer dei mange middagskøyrarane i Frivilligsentralen ein stor og verdifull innsats kvar einaste dag. Den årlege turen til varmare strøk ein stor suksess.

**Kultur og sørvistorget** (KST) er ein sentral møteplass på rådhuset på mange måtar, og det er svært mykje aktivitet som vert kanalisert gjennom KST. Som dei andre tenestene har KST vore prega av stramme økonomiske rammer, men klarte likevel å levere gode tenester innanfor budsjettet. Forutan stor aktivitet knytt til den suksessfulle gjennomføringa av Friluftslivets år, hadde KST også ansvar for gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2015. På valdagen var det 30 valmedarbeidarar i sving, og KST stod for svært god valgjennomføring, utan at det vart tilført ekstra ressursar til dette arbeidet. Ungdomskoordinator og rådgjevar kultur (KST) samarbeida om gjennomføringa av den store Barne- og ungdomskonferansen saman med Bufdir.

KST har også jobba med å få på plass oppdatert planverk på kulturområdet, t.d. Kommunedelplan for idrett,

**Tilskot til lag og organisasjonar  
pr lag som får tilskot**



friluftsliv og nærmiljø og starta arbeid med Kulturminneplan. Dokumentsenteret fører post for skular, barnehagar, sentraladministrasjon og leiarar. Dokumentsenteret har utvikla gode rutinar for føring av både e-post og brevpost, og i 2015 vart dei fleste dokument registrert i systemet same dag som dei vart levert, slik målet var. Dei registrerte og kontrollerte 2316 saker og 15264 journalpostar i 2015. Det vart merka, registrert og levert inn 66 hyllemeter til interkommunalt arkiv Hordaland, men det ligg framleis eit stort avleveringsarbeid framfor oss.

Innføring av VISMA i 2014 har medført eit fortsett arbeid med etablering av nye rutinar og opplæring ved **Løn- og rekneskapsenteret** i 2015. Innføring av nytt økonomi- og lønssystem har vore både tidkrevjande og utfordrande, og redusert bemanning grunna langtidsfråvær har vore utfordrande for avdelinga i 2015. Dei tilsette har i tillegg til normal drift også gjennomført delprosjekt etter kvart som desse vart sett i verk. Det er også starta opp eit felles prosjekt mellom Lindås, Meland og Radøy for å vurdere grunnlaget for etablering av eit felles løns- og rekneskapskontor frå 01.01.2018.

Den nye brannsjefen fekk ein utfordrande start i jobben, då 2015 vart innleia med voldsomt uvær og stor aktivitet for **brannvernet**. Stor ressursbruk tidleg på året gjorde at det vart varsla om forventet meirforbruk innan brannvernet. Innføring av nytt naudnett, TETRA, har også verka inn på det økonomiske resultatet, som endte på eit meirforbruk på om lag kr 300 000. Det er gjennomført kompetansehevingstiltak, ein brannkonstabel har gjennomført og bestått kurs i utrykkingskjøring og tre brannkonstablar har gjennomført og bestått obligatoriske brannvernkurs.

Felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy har halde seg innanfor budsjetttrammene også for 2015. Landbruksfagrådet i Radøy tok initiativ til temamøte hausten 2015 og det kom bortimot 50 bønder som hadde stort engasjement. Elles vart det skipa møte i samband med søknadsfristane for produksjonstilskot både i januar og i august. Også innanfor skog har det vore skipa møte.

I 2015 har det blitt søkt om midlar til nybygg hos Innovasjon Norge frå Radøy. Det er svært stor etterpurnad etter investeringsmidlar hos Innovasjon Norge frå heile Hordaland og det er begrensa med midlar. Det er bygd viktige skogsbilvegar på Radøy, og det er teke ut ein god del skog. Dette er positivt, og det er god økonomi i skogen når den vert teken ut på rette tidspunktet. Ein er pliktig å foreta nyplanting innan 3 år etter at skogen er teken ut. Landbrukskontoret har handsama følgjande søknader som gjeld Radøy: Produksjonstilskot(PT): Jan 136,

aug 148 (totalt utbetalt i 2015: kr 26.414.745)

Regionalt miljøprogram (RMP): 40 (ca 380.000 kr)

Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL): 11 (løyvd 235.000 kr)


Drenering av jordbruksjord: 7 (42.500 kr)

Det er stor interesse for å kjøpe gardsbruk på Radøy, og vi har mange søknadar om konsesjon kvart år. Det er også interesse for å investere og oppgradere og/eller bygge nytt for framtida. Produksjonen av mjølk og kjøt held seg om lag som i tidlegare år. Det er viktig for oppretthaldinga av produksjonen av mjølk og kjøt på Radøy at det vert løyvd investeringsmidlar til nybygg og oppgradering av allereie eksisterande fjøs.

Det er over 50 % leigejord på Radøy (og i heile Nordhordland). Det er viktig for bøndene å få langsiktige avtalar med dei som eig jord. Det er behov for grøfting mange stader. Landbruksrådgjevinga heldt markdag på Sæbø i haust.

Kostra-samanlikningstala på føregåande og denne sida er gjort mot nabo-kommunar i Nordhordland, då dette vert vurdert som meir relevant når det gjeld kultur og fysiske tilhøve.

## Netto driftskostnader til fysisk planlegging pr innbyggjar



**Investeringsrekneskapen** for 2015 syner samla investeringsinntekter på ca 6,3 mill. Sal av driftsmidlar bilar som har «gått ut av teneste», til saman kr 105.000, og sal av tomt til Rema 1000.

Andre salsinntekter er i hovudsak sal av bygdebøker. Her skal inntekta først i investeringsrekneskapen, i og med at kostnadene tidlegare har vore ført der.

Motteken kompensasjon for meirverdiavgift knytt til investeringar vert no ført som inntekt i investeringsrekneskapen, og skal nyttast til finansiering av alle investeringar.

Sum utgifter er først og fremst kostnader til kjøp av varer og tenester knytt til investeringsprosjekta.

Overføringar er meirverdiavgift, overføring til kyrkja og kostnader i samband med sal av eigedom.

Avdragsutgifter er betalte avdrag på lån Radøy kommune har teke opp i Husbanken for vidare utlån.

Av utlån, kjøp av aksjar m.v. utgjør startlån kr 2.275.000. Etterspurnaden etter startlån har vore monaleg lågare i 2015 enn tidlegare år. Dette skuldast i stor grad ny forskrift for startlån som vart sett i verk 1.4.2014.

Det er også betalt inn kr 206.250 som aksjekapital i Sambandet Vest.

Eigenkapitalinnskott i KLP utgjør kr 893.876. Dette er innskott vi må gjera for å halda tilstrekkeleg eigenkapitalgrad hjå pensjonsleverandøren KLP.

Dekking av udekka frå tidlegare år er knytt til startlån, der det vart lånt ut meir enn det var midlar til i 2014.

Fondsavsetjingar er mottekne ekstra avdrag eller innløysingar av startlån. Teoretisk skulle desse avdraga vore betalt tilbake til Husbanken, men i praksis er det enklast å avsetja til fond, og låna ut att på nytt.

Samla kostnader som må finansierast er kr 22.796.000. Mottekne avdrag og bruk av fond er knytt til startlån.

Resterande finansiering må såleis gje-

| Investeringsrekneskapen             | 2015            | B 2015         | 2014            |
|-------------------------------------|-----------------|----------------|-----------------|
| Sal av driftsmidlar og fast eigedom | (4 200)         | (4 500)        | (3 943)         |
| Andre salsinntekter                 | (81)            |                | (268)           |
| Overføringar med krav til motyting  |                 |                | (733)           |
| Kompensasjon for mva                | (2 035)         | (3 479)        | (2 932)         |
| Andre overføringar                  |                 |                |                 |
| Utbytte, eigaruttak                 |                 |                |                 |
| <b>Sum investeringsinntekter</b>    | <b>(6 316)</b>  | <b>(7 979)</b> | <b>(7 876)</b>  |
| Lønsutgifter                        |                 |                | 652             |
| Sosiale utgifter                    |                 |                | 209             |
| Kjøp som inng. i komm. prod.        | 16 542          | 39 539         | 15 840          |
| Kjøp som erstattar eigen prod.      |                 |                |                 |
| Overføringar                        | 2 666           | 3 250          | 3 960           |
| Renteutgifter m.v.                  |                 |                |                 |
| <b>Sum utgifter</b>                 | <b>19 208</b>   | <b>42 789</b>  | <b>20 661</b>   |
| Avdragsutgifter                     | 3 154           |                | 3 302           |
| Utlån, kjøp av aksjar mv            | 3 375           | 3 800          | 4 270           |
| Dekking av udekka frå tidl år       | 1 020           |                | 823             |
| Fondsavsetningar                    | 2 355           |                |                 |
| <b>Sum finanstransaksjonar</b>      | <b>9 904</b>    | <b>3 800</b>   | <b>8 395</b>    |
| <b>Sum trong for finansiering</b>   | <b>22 796</b>   | <b>38 610</b>  | <b>21 180</b>   |
| Bruk av lån                         | (17 216)        |                | (15 897)        |
| Mottekne avdrag                     | (5 285)         |                | (3 323)         |
| Overført frå driftsrekneskap        |                 |                |                 |
| Bruk av fond                        | (295)           |                | (941)           |
| <b>Sum finansiering</b>             | <b>(22 796)</b> | <b>-</b>       | <b>(20 161)</b> |
| Udekka i investering                | -               |                | 1 019           |
| (tal i heile tusen)                 |                 |                |                 |


rast gjennom bruk lånemidlar, anten unytta lånemidlar frå tidlegare år, eller nye lån. Det er i 2015 teke opp eitt nytt lån i KLP Kommunekreditt på 21 mill i 2015 og eitt lån i Husbanken på 3.000.000 mill, slik at samla låneopptak i 2015 var kr 24.000.000. Låneopptak er i samsvar med vedtekte budsjett, og er tekne opp med flytande rente. Dei unytta lånemidlane utgjør kr 21.082.532 ved utgangen av 2015.

Desse unytta lånemidlane er føresette nytta til investeringar i 2016.

Samla sett er investeringsnivået rimeleg lågt, og brutto investering utgjør 5,76% av samla driftsinntekter. Det finst ikkje noko godt måltal her heller, men samanlikna med mange andre kommunar ligg vi rimeleg greitt til.

Lånefinansieringsgraden er etter må-

## Lånefinansieringsgrad



ten høg, 83,1%, mot i fjor 57,8%. Sjølv om rentenivået er lågt, og utsiktene er «gode» til låge renter i lengre tid, er så høg lånefinansieringsgrad ein klår risiko. Alternativet til låneopptak er å selja eigendelar som kan nyttast til finansiering av investeringar, i den grad det er mogeleg.

For fullstendig oversyn over investeringsprosjekt gjennomført i 2015, vert det vist til rekneskapskjema 2 B på side 7 i rekneskapsdokumentet for 2015. I det følgjande vert det knytt merknader til prosjekt med større avvik mellom budsjett og rekneskapsført kostnad, eller der det er andre tilhøve som krev forklaring.

Prosjekt 1280001 **Utskifting av bilar** er budsjettert med kr 500 000, men bokført med kr 0. Dette skuldast at det er oppretta to nye prosjektnummer; 3220001 og 6520001. Det er kjøpt inn to bilar til heimetenesta med bokført kostnad på kr 343 027, og ein bil til feiar til kr 140 000. Kjøpa er gjort innanfor den totale kostnadsramma på kr 500 000.

Budsjettramma til prosjekt 1438001 **Olsvollstranda industriområde**, vart gjennom budsjettjustering redusert frå kr 500 000 til 250 000. Budsjettramma vart redusert på bakgrunn av at vidare tilrettelegging av industriområdet vart vurdert å ville krevje betydeleg meir ressursar enn budsjettert. Justert budsjettramme på kr 250 000 vart nytta til mindre tiltak for å tilretteleggja næringsområdet.

Avviket mellom budsjett og bokførte kostnader på prosjekt 1530012 **Radøyhallen oppgradering 2015**, skuldast at det er oppretta eige prosjektnummer for rehabilitering av golv (prosjekt 1530013). Samla bokført kostnad på kr 1 234 614 for utskifting av el-tavle, nytt klordoseringsanlegg og nytt golv i Radøyhallen er innafor den samla budsjettramma på kr 1 475 000. Oppgraderinga har vore viktig for fortsatt god og stabil drift i Radøyhallen.

Prosjekt 1583001 **investering kyrkjer** er opprinneleg budsjettert med kr 3 250 000. Anbudsprosessen viste at arbeidet med å rette opp kyrkja vart langt dyrare enn først antatt, og arbeidet ville i liten grad bli gjennomført i

2015. Budsjettet vart regulert til kr 550 000 for 2015. Det er bokført kr 598 586 i 2015, og kostnadene som er ført er midlar til Radøy sokn til reiskapshus ved Hordabø kyrkje og kostnader i samband med sikring av Manger kyrkje.

Det var ikkje budsjettert med kostnader til prosjekt 1908020 **VISMA Enterprise** i opprinneleg budsjett. Faktura på siste 10 % av etableringslisensen for VISMA vart først fakturert i januar 2015, basert på aksept av leveransen. Etter planen skulle all fakturering vore gjort i 2014, men av avtaletekniske årsaker kom slutt-faktura seinare enn føresett. Bokførte kostnader er i tråd med regulert budsjett.

På prosjekt 1908101 **Breiband infrastruktur**, vart det løyvd kr 700.000 i budsjettet. Av saksutgreiinga til kommunestyret i juni, gjekk det fram at denne løyvinga heller burde nyttast til bygging av mobil-mast på Austebygd. Rådmannen ba difor om at løyvinga på kr 700.000 vart flytta frå prosjekt 1908101 Breiband infrastruktur til prosjekt 1908102 **Mobilmast Austebygd**. Arbeidet med bygging av mast var på anbod i 2015, men arbeidet vil først bli gjennomført i 2016. Budsjettramma vart derfor redusert til kr 100.000 til kjøp av grunn, anbudsprosess mv. i 2015.

Det er bokført kr 340 200 på prosjekt 1920001 **Mindre investeringar**. Bokførte kostnader er i hovudsak knytt til oppgradering av uteområdet på Austebygd skule og bygging av amfi ved Radøy ungdomsskule, slik skulen ønska. Budsjettløyving for sistnemnde prosjekt er gitt i prosjekt 2190013.

Avvik mellom budsjettramme og rekneskap for **Manger skule parkering og uteområde**, prosjekt 2130004, skuldast i hovudsak at innkjøp av leikeapparat til uteområdet for om lag kr 150 000, først vert kostnadsført i 2016.

Prosjekt 3210007 **Nye sjukeheims-plassar** hadde ei opprinneleg budsjettløyving på kr 2 000 000. Behov for nye sjukeheims-plassar vart diskutert i formannskapet på vårparten, og då behovet viste seg å vere mindre enn først antatt, vart midlane trekt tilbake gjennom budsjettjustering i desember.

På prosjekt 3220002, **Heimetenesta utvida lokale** er det bokført om lag kr 658.000 mindre enn budsjettert. I hovudsak skuldast dette rimelegare løysingar knytt til krav om ventilasjon i bygget.



Frå dagsenteret etablert i tilknytning til heimetenesta sine lokale i Velferdssenteret

Prosjekt 6110001 **Universell utforming** er bokført med kr 0,- i rekneskapen, men det er nytta midlar til å etablere universell tilgang til Velferdssenteret i samband med ombygginga av heimetenesta. Det er også gjort mindre utbetringar ved bla. Legekantoret, men desse kostnadene er ført i driftsrekneskapen.

Prosjekt 4800101 **Turstiar og fri-luftstiltak** har ei budsjettramme på kr 200 000, men har eit mindreforbruk på kr 92 116 i rekneskapen. Midlane er nytta til kjøp av materialar for å tilretteleggja turstiane med t.d. klopper, gjerdeklyv, gapahukar mm., og er delt ut til grunneigarar, lag og organisasjonar basert på innkomne søknader. Alle som søkte fekk materiale til tilrettelegging i 2015.

For prosjektet 4800102 **Fosnstraumen steinaldersti**, vart dei budsjetterte midlane på kr 100 000 lagt inn som

kommunal eigenandel i søknader om tilskot til større prosjekt knytt til området. Midlane vart trekt tilbake gjennom budsjettjustering i desember, då det ikkje vart aktuelt med iverksetting av slike prosjekt i 2015.

Arbeidet med prosjekt 4800103

**Turveg/lysløype Manger** møtte mange utfordringar i planleggingsfasen, mellom anna viste det seg at den planlagte traseen råka sikringssona for automatisk freda kulturminne i området. Planlagte tiltak krev dispensasjon frå kulturminnelova som både forseinka og fordyra prosjektet. Anbudsprosessen vart avlyst på tampen av året, då det var grunn til å tru at kostnadene ville bli vesentleg høgare enn budsjetttramma på kr 1 000 000. Budsjetttramma vart gjennom budsjettjustering redusert til kr 200 000, og bokførte kostnader på kr 123 236 er i hovudsak knytt til prosjekteringsarbeid.

Avviket mellom budsjetttramma på kr 500 000 og bokførte kostnader på kr 304 916 for prosjekt 6000101 **Lagerbygg Solendmyra** skuldast at ein valte ei rimelegare løysing enn innkjøp av ny hall. Rammekonstruksjonen i lagerbygget viste seg å vere i god noko stand til at den kunne trekkjast på ny. Prosjekt 6103001, **Helsehuset ombygging**, har eit avvik mellom budsjetttramme og bokførte kostnader, på kr 449 227. Avviket skuldast m.a. at det på bakgrunn av mistanke om muggsopp i bygget, vart halde tilbake midlar for å kunna setja i verk umiddelbare tiltak. Heldigvis viste prøvane at så ikkje var tilfelle. Helsehuset har m.a. fått utbetra inngangsparti og pasientinngang på baksida av bygget, slik at sjuke pasientar skal sleppe å verta frakta gjennom venterommet på legekontoret. Det er også bytta ut vindauge i bygget.

For prosjekt 6190001 **Branntekniske investeringar**, viser rekneskapen eit mindreforbruk i høve til budsjett på kr 459 721. På bakgrunn av BKK sitt tilsyn med el-tryggleiken i dei kommunale bygga, er det gjennomført fortløpande oppgradering basert på avviksmeldingane, og el-tryggleiken er vesentleg betra.

Prosjekt 6310005 **Renseanlegg Manger** vart på bakgrunn av vesentleg avvik mellom inntekter og utgifter



*Den nye ambulanseinngangen ved helsehuset*

budsjetttramme utsett. Dette førte til at budsjetttramma vart redusert redusert frå kr 9 000 000 til 1 000 000 i budsjettjustering i desember 2015. Påløpte kostnader er knytt til planleggingsprosess og prosjektering av anlegget.

Avvik mellom budsjetttramme på kr 3 400 000 og bokførte kostnader på kr 925 000 på prosjekt 6510003 **Brannbil**, skuldast at levering av den nye brannbilen vart forseinka frå produsent. Den første heilt nye brannbilen i Radøy kommune vart levert først på nyåret i 2016. Det som er bokført i

2015 er faktura på overbygget. Resten av kjøpesummen vert fakturert ved levering i 2016.

Det var budsjetttert med fleire tiltak i prosjekt 6700101 **Nærmiljøtiltak Bø**, men som følgje av at områdeplanen for Bø ikkje vart ferdigstilt i 2015, er det berre riving av Bø-huset som er realisert. Budsjetttramma vart redusert frå kr 3 000 000 til kr 300 000 i budsjettjustering i desember.



*Nøgne brannfolk i Radøy framfor den nye brannbilen*

Radøy kommune  
Kontrollutvalet

Kopi: Ordfører  
Rådmann  
Økonomi-  
ansvarleg

Isdalstø, 30.03.2016  
Revisjonsrapport nr.13

## Årsrekneskapen 2015

Vi har revidert kommunen sin årsrekneskap for 2015. Vårt arbeid er utført med heimel i kommunelova § 78 og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv. som set nærare krav til revisjon av kommunen sin årsrekneskap. Forskrifta § 4 krev at planlegging, gjennomføring og rapportering av revisjon skal skje etter krava i lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk. God kommunal revisjonsskikk fylgjer mellom anna av internasjonale revisjonsstandardar (ISA).

I denne rapporten vil vi kommentere nokre forhold som fylgjer av vår revisjongjennomgang. Generelt er rekneskapen godt dokumentert og avstemt.

### Interimsrevisjon

Før årsskiftet vart det utført revisjon av nokre områder i kommunen. I samband med dette vart det sendt brev 06.11.15 til kommunen med nokre punkt som burde følgjast opp.

- Spørsmål om delegasjon og tilvisningsfullmakt hjå NAV og barnevern.
- Bruk av personnavn ved føring i hovedbok.
- Ajourhald avstemming likvider og eventuell rotasjon av avstemmingsansvarlege.
- Usikre forpliktingar.
- Fakturagrunnlag arkivert i sakshandsamingssystemet og kravet til sikker arkivering.

Desse punkta er gjennomgått av kommunen og tilfredstillande avklart i brev til revisjonen datert 15.03.2016.

I samband med interimsrevisjonen har vi og kontrollert om det er likvidar tilhøyrande kommunen som ikkje er ført i rekneskapen. Kontrollen avdekka ein ubetydeleg bankkonto nokre få kontantkassar med uvesentlege inneståande beløp. Vi ber om at desse i 2016 blir avslutta eller tatt inn i rekneskapen med kontoutskrift eller signert oppteljing pr. 31.12.

### **Netto driftsresultat**

Kommunen har netto driftsresultat på kr 12,3 mill. Dette er om lag kr 14 mill. over budsjett. Med grunnlag i den økonomiske stillinga til kommunen er det positivt at rekneskapsskjema 1B viser innsparing i forhold til budsjetttrammene. Høg auke i netto driftsresultat inneheld mellom anna, nokre enkeltstående inntekstpostar som er knytt opp mot øyremerka utgifter seinare år og er avsett til bundne fond. Dette er nærare omtalt i note 23. Der finn ein også resultatoppstilling der desse inntekstpostane er eliminert.

### **Tap på krav**

Det er utgiftsført tap på krav i samband med sosiale utlån i 2015. Tapsføringane byggjer på individuelle vurderingar av kravet. Rutinane for tapsføring kan betrast ved å innføre klare kriterier for kor tid tapsføring skal skje og dokumentasjon på at kriteriene er gjennomgått og vurdert. Omsyn til likebehandling tilseier at tapsføring av sosiallån bør vurderast opp mot kriteriene for å gi sosialstønad i sosialtenestelova då slik tapsføring vil medføre ei form for sosialstønad.

Kommunen har avsett kr 558 971 til dekning av anslått tap i kortsiktige krav. Avsetning er grunngjeve og står i forhold til tapsrisiko i kundemassen.

### **Formidlingslån**

Kommunen sine formidlingslån er frå 2015 administrert av Lindorff. Det er nokre mindre avstemmingsdifferansar pr. 31.12.15. Vi ber om at desse blir avklart i 2016.

Kommunen har inntektsført ekstraordinære avdrag formidlingslån 2015 med kr 2 354 742 og desse er avsett til bundne fond. Etter kommunal rekneskapsstandard KRS nr. 3 skal avsetjing til bunde fond formidlingslån tilsvare:

Inntektsførte avdrag formidlingslån + bruk av lån for finansiering av nye utlån – nye utlån i året – utgiftsførte avdrag i investeringsrekneskapen vedr. formidlingslån.

Vi ber om at utrekningsmåte blir justert i 2016.

### **Balanse**

Nokre mindre postar under kortsiktig gjeld i balansen er gamle og kan avklarast og eventuelt ryddast i 2016.

### **Aksjar**

Det er bokført nedskriving av aksjar i Sambandet Vest AS med kr 110 000 og tilgang av 22 aksjar a kr 9 375 i 2015. Dette er i samsvar med brev frå selskapet datert 21.09.15 som angir ny samla aksjekapital kr 1,5 mill. Denne siste endringa i aksjekapital er ikkje registrert i Brønnøysund og vi ber om at aksjeposten blir følgd opp i 2016.

### **Oppsummert**

Kommentarane i dette brevet er ikkje vurdert som vesentlege i høve til årsrekneskapen, men bør ha fokus framover då dei er viktig for vidare økonomistyring og internkontroll. Vi har såleis ingen atterhald eller presiseringar i revisjonsmeldinga for 2015.

Med venleg helsing

Nordhordland Revisjon IKS



Reidar Bjørsvik

Revisjonssjef



Til kommunestyret i Radøy kommune

Kopi:  
Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Administrasjonssjefen

## **MELDING FRÅ REVISOR**

### **Uttale om årsrekneskapen**

Vi har revidert årsrekneskapen for Radøy kommune som viser kr 263 853 425 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3 256 655. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2015, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ein omtale av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

### *Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen*

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

### *Revisor sine oppgåver og plikter*

Vår oppgåve er å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, og ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

### *Konklusjon*

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Radøy kommune per 31. desember 2015 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

### **Utsegn om andre tilhøve**

#### *Konklusjon om budsjett*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

#### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

#### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Isdalstø, 30.03.2016

Nordhordland Revisjon IKS



Reidar Bjørsvik

Revisjonssjef

RADØY KOMMUNE

# Plan for selskapskontroll 2016-2019

---

12.03.2016

## Bakgrunn

Kommunesektoren har sidan slutten av 90-talet vore prega av ei auka fragmentering der delar av verksemda har blitt skilt ut i føretak, interkommunale samarbeid, interkommunale selskap, aksjeselskap o.l., og ofte i form av eigne rettssubjekt utanfor kommunelova sine rammer. Val av organisasjonsform legg rammene for kommunestyret sine styringsmoglegheiter overfor fristilte selskap, ettersom disse har eigne selskapsorgan og er regulert av særskilt lovgjeving, som bl.a. fastsett forholdet mellom eigarane (kommunen) og selskapsorgana. Dette medfører utfordringar når det gjeld demokratisk, folkevalt styring og kontroll av verksemdar. Eigarstyring og selskapskontroll er kommunesektoren sine verktøy for å møte disse utfordringane.

## Innhaldet i selskapskontrollen

Heimelen for selskapskontroll følgjer av kommunelova (koml.) § 77 nr. 5, som seier at kontrollutvalet skal *"påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens (...) interesser i selskaper m.m."*, jf. tilsvarende formulering i § 13 første ledd i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. Etter § 13 andre ledd skal det *"minst en gang i valgperioden utarbeides plan for gjennomføring av selskapskontroll. Dette skal skje senest innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert."* Tredje ledd fastsett at kommunestyret vedtar planen.

Kontrollutvalforskrifta § 13 må også sjåast i samanheng med koml. § 80, som direkte regulerer innsynsretten til kontrollutvalet og den som utfører selskapskontrollen i selskapa, som er fullt eigd – direkte eller indirekte – av kommunar/fylkeskommunar. Følgjande figur syner selskapskontrollen sitt omfang og innhald.



Figur: Selskapskontroll – overordna skisse

Selskapskontroll kan delast i to delar, eigarskapskontroll (obligatorisk) og forvaltningsrevisjon (frivillig). Eigarskapskontrollen kan utførast av kontrollutvalet sitt sekretariat, kommunen sin revisor eller andre som kontrollutvalet sjølv måtte velja. Forvaltningsrevisjon skal utførast i samsvar til kap. 3 i forskrift om revisjon og i samsvar til god kommunal revisjonsskikk, og den må utførast av ein kvalifisert og uavhengig revisor.

Selskapskontrollen omfattar både heileigde og deleigde selskap, her inngår også selskap med private eigarar. På grunn av at innsynsretten etter § 80 er avgrensa til heileigde, kommunale selskap, vil det vera forskjellar med omsyn til korleis selskapskontrollen kan utførast i heileigde kontra deleigde selskap.

### ***Formålet med selskapskontrollen***

Selskapskontrollen er eit middel for å ha tilsyn med at forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser fungerer tilfredsstillande i høve til kommunestyret sine vedtak og føresetnadar og i samsvar med aktuelle lover og reglar.

Formålet med *eigarskapskontrollen* er å kontrollera om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, utøver myndigheita slik det er fastsett i den aktuelle verksemdslova samt ivareteke kommunen sine interesser i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnadar. Eigarskapskontrollen er avgrensa til ei vurdering av om eigaren har etablert tilfredsstillande rammer for styring, og at verksemda faktisk opererer i tråd med formålet. Ei materiell vurdering av selskapet si organisering, drift og funksjon fell difor utanfor denne kontrollen.

Ved behov kan det også gjennomførast forvaltningsrevisjon av selskap. I selskap med statlege eller private eigarinteresser må dette, om ikkje anna er avtalt mellom eigarane, skje med utgangspunkt i opne kjelder, då innsynsretten etter § 80 ikkje gjeld. Formålet med *forvaltningsrevisjonen* vil vera å gjennomføra systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknadar av kommunestyret sine vedtak og føresetnadar. Ein slik revisjon vil dermed ha fokus på sjølve aktiviteten og resultat i selskapet.

### ***Gjennomføring og rapportering av kontrollen***

#### ***Gjennomføring***

Kontrollutvalet vurderer årleg omfanget av selskapskontrollar og kva kontrollar som skal gjennomførast med utgangspunkt i plan for selskapskontroll. I den grad det er vurdert som nødvendig, kan kontrollutvalet be om innsyn i relevante dokument. Kontrollutvalet kan gjera endringar i planen, dersom føresetnadane endrar seg.

Selskapskontrollen vert gjennomført av revisjonen, sekretariatet (eigarskapskontroll) eller andre som kontrollutvalet bestemm.

Kontrollar i selskap som har fleire eigarkommunar bør i den grad det er mogleg, koordinerast.

#### ***Rapportering***

Rapport etter gjennomført selskapskontroll vert sendt frå den som har utført kontrollen, til kontrollutvalet. Etter kontrollutvalet si handsaming vert rapporten sendt til kommunestyret<sup>1</sup>.

---

<sup>1</sup> Oversendelse av rapport etter gjennomført selskapskontroll til kommunestyret er ikke obligatorisk, men er anbefalt som god praksis.

Kontrollutvalet rapporterer om gjennomførte selskapskontrollar og resultatet av disse i årsmeldinga si, som vert lagt fram for kommunestyret. Dersom kontrollutvalet har gjort endringar i plan for selskapskontroll, jf. punktet om "Gjennomføring", som nemnt ovanfor, skal dette kome fram i årsmeldinga.

## ***Prioriteringar i denne planperioden***

### ***Generelt***

På side 4 er det lista opp selskap som kommunen har eigarinteresser i, både heileigde og deleigde. Kvar selskap er også kort skildra. Ved prioritering av selskapskontroll kan følgjande kriterier vera relevante i samband med ein risiko- og vesentlegheitsvurdering:

- Selskapet sitt tenestetilbod til kommunen sine innbyggjarar
- Selskapet sitt samfunnsmessige ansvar
- Kommunen sine eigarandelar
- Økonomisk gevinst- og tapspotensial
- Kommunen sitt motiv for eigarskapet

### ***Prioritering av selskapskontroller***

I oversikta nedanfor er det foreslått kontrollar ut frå dei opplysningane som føreligg. Der det er fleire kommunar som har eigarinteresser i same selskapa, bør gjennomføringa av kontrollar i disse selskapa som hovudregel koordinerast.

I NGIR vart det gjennomført eigarkontroll for alle eigarkommunane i 2009. Utover dette har det ikkje vore utført eigarskapskontroll av selskap kommunen har eigarinteresser i dei siste planperiodane.

## **Oversikt over Radøy kommune sitt eigarskap i selskap:**

Informasjonen i oversikta er henta frå kommunen sin årsrekneskap for 2014.

### **Aksjeselskap (AS)**

AUFERA AS

BKK AS

Nordhordland Industriservice AS

Sambandet Vest AS

AS Biblioteksentralen

### **Interkommunale selskap (IKS)**

Helsehuset IKS

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS

Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (NGIR)

Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Nordhordland Revisjon IKS

### **Andre**

Nordhordland bioenergi BA